

Saksbehandlar: Arne Abrahamsen, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/3336-2

Renovasjonsgebyr Sogndal kommune

**Rådmannen rår formannskapet till å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommune tilfører kr 2.527.310,- til sjølvkostfondet for renovasjon. Fondet vert då på kr 4.176.347,- per 01.01.2021. Finansiering vert gjort i budsjettjustering i samband med 2. tertial.
2. Sogndal kommune bygger ned fondet ved å tilbakeføre inntekter til brukarane av tenestene, etter generasjonsprinsippet med tilbakebetaling over 5 år. Det eksakte kommunale frådraget vert sett til kr 100 for 2021. For dei neste 4 åra vert dette utrekna og fastsett i betalingsheftet i samband med vedtak av årsbudsjettet for kommande år.

Vedlegg:

1. Notat frå EnviDan – Om sjølvkost, gjennomføring av årsavslutning og budsjettering av hushaldningsrenovasjon i Sogndal kommune, 31.05.2021.

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Det har frå fleire hald vore reist spørsmål om grunnlaget for kommunalt tillegg i renovasjonsgebyret for Sogndal kommune. I samband med forvaltningsrevisjon av SIMAS IKS handsama i kommunestyresak 1/2021 vart problemstillinga teke opp som del av vedtaket:

- **Kommunale tillegg**

SIMAS er ikkje ansvarleg for dei kommunale tillegg. Her må kommunane sjølve legge fram sjølvkostrekneskap, noko vi tilrår for å vise at ikkje kommunen tar inn for mykje i renovasjonsgebyr. Ut frå skildring av kva kostnader dei kommunale tillegg skal dekkje, ser det ut til at kommunale kostnader i form av opprydding av «herreløst» avfall på offentlege stadar feilaktig er belasta innbyggjarane i form av kommunale tillegg.

Det kommunale tillegget på renovasjon var ein del av renovasjonsgebyret i gamle Sogndal kommune. Tillegget vart vidareført i nye Sogndal kommune i 2020, og var då kr. 192 per abonnent. For 2021 vart derimot heile tillegget teke vekk. Det vart vidare føresett å ha ein gjennomgang av grunnlaget for å ha slikt kommunalt tillegg og vidare avklare korleis kommunen skulle handtere ev. for mykje innkravd gebyr.

Det har no vore gjennomført slik gjennomgang saman med selskapet EnviDan AS, og saka vert på bakgrunn av dette lagt fram for kommunestyret. Det vert vist til vedlagt notat frå EnviDan 31.05.21.

Sentrale problemstillingar

- Kva kostnader i kommunen kan inngå i sjølvkost for renovasjon og gje grunnlag for kommunalt tillegg?
- Er det kravd inn for myke i gebyr og kva utgjør dette?
- Korleis kan kommunen handtere for mykje innkravd gebyr?

Kva kostnader i kommunen kan inngå i sjølvkost for renovasjon og gje grunnlag for kommunalt tillegg i renovasjonsgebyret?

Forurensingslova §34 om avfallsgebyr slår fast at alle kostnader knytt til handtering av hushaldningsrenovasjon skal bli dekt av gebyr fullt ut. Kommunen har med andre ord ikkje lov å tene pengar på tenesta, men heller ikkje å subsidiere tenesta.

Forurensingslova §34 seier vidare at avfallshandtering etter §35, ikkje er omfatta av reglane om avfallsgebyr.

Forurensingslova §35 2. ledd

Kommunen skal sørge for oppsetting og tømning av avfallsbeholdere på utfartssteder og andre sterkt besøkte offentlig steder hvor det må regnes med at avfall vil bli gjensatt. I tilknytning til tømning skal det foretas rimelig opprydding i området.

Avfallsforskrifta §15-3 understreker også at det berre er kostnader knytt til hushaldningsavfall som skal inngå i gebyrgrunnlaget:

§ 15-3.Fastsettelse av avfallsgebyr

Kommunestyret fastsetter avfallsgebyret. Avfallsgebyret fastsettes slik at det svarer til de totale kostnadene kommunene påføres ved lovpålagt håndtering av husholdningsavfall. Det skal sikres full kostnadsdekning. Kommunen skal ikke ha fortjeneste på slik avfallshåndtering. Kun kostnader ved og inntekter fra lovpålagt håndtering av husholdningsavfall skal inngå i beregningen av avfallsgebyret.

Dei fleste kostnadene knytt til hushaldningsrenovasjon er handtert av SIMAS og vert dekkast av det ordinære renovasjonsgebyret. Kommunen har likevel nokre kostnader som skal dekkast av eit kommunalt påslag. Gjennomgangen med EnviDan viser at dei direkte kostnadane det er snakk om, er ein del av utgiftene til programmet som blir nytta til fakturering og utgifter knytt til GIS/matrikkel. Sidan datagrunnlaget er delt mellom SIMAS og kommunen, har Sogndal kommune kostnader knytt til lisensar og liknande. Både utgiftene til programmet som blir nytta til fakturering og utgifter til GIS/matrikkel er fordelt mellom fleire område, men noko av det bør fordelast til renovasjon. I tillegg er det belasta indirekte kostnadar på området, hovudsakeleg knytt til servicetorget basert på eit overslag av omfanget. For 2020 utgjer kostnadene om lag kr **234 000**, dette er kostnadar som høyrer til sjølvkost for renovasjon. Med 6100 abonnentar i 2021 utgjer dette om lag kr 38 per år.

Er det kravd inn for myke i gebyr og kva utgjer dette?

Med grunnlag i sjølvkostforskrifta og «*Rundskriv H-3/14 Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale tenester*», har EnviDan saman med økonomiavdelinga gått gjennom historiske data for å fastslå i kva grad det er kravd inn for mykje gebyr. Det er valt å gå 10 år tilbake i tid ut i frå at tillegget er til gunst for brukarane av tenesta.

For dei direkte kostnadane har kommunen og EnviDan gått gjennom det som har vært direkte ført på området i perioden 2011-2019. For kvart år er alle kontoar sjekka og vurdert om det er korrekt å ta dei med i sjølvkost eller ikkje. I gjennomgangen er det i hovudsak ein del av lønnskostnadane og utgifter til transportmidlar som er vurdert til å være utanfor sjølvkost. Dette er kostnader som har knytt seg til innsamling av avfall i sentrums- og utfartsområde som ikkje skal inngå i gebyrgrunnlaget, jf. forureiningslova §35.

Når det gjeld dei indirekte kostnadane så er dei indirekte kostnadane som høyrer til renovasjon rekna ut for 2020 og diskontert for tidlegare år. Sogndal kommune har ikkje tatt med indirekte kostnadar på renovasjon for åra 2015-2019. Før 2015 blei kostnadane belasta direkte på området sidan kommunen gjorde faktureringa sjølv.

For kvart år i perioden har ein i gjennomgangen komen fram til ein differanse. Det er rekna rente på differansen i tråd med sjølvkostregelverket. Totalt, inkludert renter, utgjer differansen med desse føresetnadene kr 2.527.310,-

Kommunen har eit sjølvkostfond for renovasjon med saldo 1.649.037,- Med tillegg av dei kr 2.527.310,- skulle fondet vore kr 4.176.347 per 01.01.2021.

Korleis handterer ev. kommunen dette?

Sjølvkostforskrifta har som utgangspunkt, både i dagens forskrift og tidlegare retningslinjer, at slike feil skal rettast i tilfelle der dei er **vesentlege**. Korkje dagens forskrift eller tidlegare retningslinjer har noko eksakt grense på kva som skal reknast som **vesentleg**. Rettleiaren til sjølvkostforskrifta seier at dette vil være ei vurdering basert på skjønn:

«Feil som er i størrelsesorden 50 til 100 kroner per gebyrpliktig kan som utgangspunkt regnes som vesentlig, men dette er ikke regulert i forskriften.»

EnviDan vurderer at den oppakkumulerte verdien av feilen er så stor, at det er naturleg å vurdere feilen som vesentleg.

Det er ikkje konkrete reglar for korleis ev. tilbakeføring skal skje. §7 i Sjølvkostforskrifta seier at «*virkingen av feilen skal tas inn i selvkost som en inntekt*». EnviDan tilrår ut i frå dette at det i så fall skjer ved tilføring til renovasjonsfondet, og at dette vert tilbakebetalt brukarane etter generasjonsprinsippet - dvs. over 5 år, jf. vedlagt notat frå EnviDan (s. 6):

Korrigeringa vil auke sjølvkostfondet på renovasjon og medføre at sjølvkostfondet for renovasjon per 1.1.2021 skulle vore på kroner 4 176 347. Dette utgjør om lag 680 kroner per abonnent når ein tek med det fondet som finnst frå før på området. Med årlege kostnader på 200-250 tusen per år vil det være nødvendig med eit **negativt** påslag i ein periode for å tilbakeføre fondet til abonnentane. Ei direkte tilbakebetaling er **ikkje tilråda** sidan det vil føre til store administrative kostnader for å gjere det på riktig måte. Med eit negativt påslag dei neste åra på om lag 100 kroner vil kommunen kunne tilbakeføre fondet i tråd med generasjonsprinsippet og regelverket for sjølvkost gitt dei forutsetningane som er lagt til grunn. Når fondet er tilbakeført vil ein ha eit årleg påslag på 35-40 kroner per abonnent gitt dagens kostnader, renovasjonsområdet vil inngå i «årshjulet for sjølvkost» slik det er skildra i 2.2 og 2.3..

2. Vurderingar og konsekvensar

Vurdering av om feilen er vesentleg

Feilen utgjør oppsummert 4.176.347. Med 6100 abonnentar vil dette utgjere vel 680 kr pr abonnement. Sjølv om dette ikkje er svært store summer, er dette langt over feil på 50-100 kr pr. gebyrpliktig som kan bli vurdert som vesentleg etter rettleiaren til sjølvkostforskrifta. Rådmannen er samd i vurderinga frå EnviDan og vurderer feilen som vesentleg. I dette ligg ei vurdering av at kommunen vidare bør tilbakeføre midlar til brukarane av tenesta.

Korleis kan dette skje?

EnviDan tilrår at tilbakeføring må skje ved tilføring av midlar til renovasjonsfondet, og at tilbakeføring til brukarane skjer ved eit «negativt påslag» til brukarane. EnviDan tilrår vidare at generasjonsprinsippet for sjølvkostrekneskap vert nytta, dvs. at fondet vert bygd ned til null over dei neste fem åra. Dette vil gjere til at abonnentane vil få eit frådrag på om lag 100 kr/år i staden for eit påslag på kr 38 kr per år dei neste fem åra. Etter at fondet er nulla ut vil det vere grunnlag for eit kommunalt tillegg på om lag 38 kr (2021-tal).

Prinsippet for utrekning vil vere slik:

	Samla	2021	2022	2023	2024	2025
Fond	- 4.176.347	- 835. 270	- 835. 270	- 835. 270	- 835. 270	- 835. 270
Sjølvkostgrunnlag	1.170.000	234.000	234.000	234.000	234.000	234.000
Grunnlag	- 3.006.347	- 835. 270	- 835. 270	- 835. 270	- 835. 270	- 835. 270
Abonnentar	6100	234.000	234.000	234.000	234.000	234.000
Pr abonnent	- 493	- 98.5	- 98.5	- 98.5	- 98.5	- 98.5

Ein gjer merksam på at det skal bli gjort ei eksakt utrekning av sjølvkost kvart år, og at det kan bli endringar utover i perioden, t.d. om kommunen skulle få kostnader med eldre avfallsdeponi som må inngå i sjølvkostgrunnlaget.

Rådmannen er samd i at kommunen må legge opp til tilbakeføring etter slik modell. Å bruke renovasjonsfondet vil vere i samsvar med §7 i sjølvkostforskrifta, og vil gje ein praktisk gjennomførbar måte å tilbakeføre for mykje innkravd gebyr. Dette gjer at alle abonnentar i heile kommunen får slikt frådrag, noko som må skje når ein samordnar kommunen til eit sjølvkostområde.

Rådmannen er også samtd i at det er fornuftig å nytte generasjonsprinsippet med tilbakebetaling over fem år. Dette er prinsippet som er nytta ved sjølvkostrekneskap og som sikrar rett brukarbetaling samstundes som det gjev små svingingar i gebyret.

Etter opplysningar frå SIMAS kan endring i fakturering skje frå 2. kvartal 2021 slik at fondet med desse føresetnadene vil vere nulla ut i løpet av 2025.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Ei slik løysing gjer at kommunen må tilføre renovasjonsfondet kr 2.527.310. Sidan det er midlar på fondet i dag kan slik styrking av fondet skje i samband med 2. tertial.

4. Konklusjon

Sogndal kommune tilfører kr 2.527.310,- til sjølvkostfondet for renovasjon. Fondet vert då på kr 4.176.347,- per 01.01.2021. Sogndal kommune bygger ned fondet ved å tilbakeføre inntekter til brukarane av tenestene generasjonsprinsippet med tilbakebetaling over fem år. Det eksakte kommunale frådraget vert sett til kr 100 for 2021. For dei neste åra vert dette utrekna og fastsett i *betalingsheftet* i samband med vedtak av årsbudsjettet for kommande år.